

From: Knut Haugen
Sent: tirsdag 9. mars 2021 15:38
To: olav.nord-varhaug@miljodir.no
Cc: Råg Ranes; Håvard Stensønes; Bodil Gjeldnes
Subject: Innspel til faglig vurdering av mulige nye nasjonalparkområder / utviding verneområde

Hei !

Vi viser til brev frå Miljødirektoratet datert 13.01.2021 og dialogmøte 24.02.2021 om pågående prosess for mulege nye nasjonalpark-/verneområde.

I Surnadal kommune dreiar dette seg om utviding av Trollheimen landskapsvernombjøde, dvs. i form av eit relativt stort område mot nord.

Ved garden Kårvatn vest i Trollheimen er det også foreslått ei utviding. Vi forstår også at det kan være aktuelt å endre vernekategori frå landskapsvernombjøde til nasjonalpark for delar av arealet i Surnadal. Utvidingane kjem fram på kartet Supplerende vern datert 24.02.2021. Det følgjande er innspel til vidare prosess frå kommunens administrasjon.

Nokre punkt bør allereie no understrekast som viktige generelle føresetnadnar:

- Det må ligge føre gode naturfaglege grunnar til dei foreslårte utvidingane.
- Som direktoratet sjølv seier i sitt brev skal nytt vern av privateid skog skje gjennom frivillig vern.
- Lokal medvirkning og aksept skal være til stades ved oppretting av nye nasjonalparkar.

Vi ser også grunn til å komme med følgjande innspel knytt til dei foreslårte utvidingane:

- Områda som er foreslått tatt inn i Trollheimen landskapsvernombjøde blir i dag nytta til både aktivt skogbruk og utmarksbeite. Slik næringsverksemdu med nødvendig infrastruktur er ein bærebjelke i landbruket, men også ein føresetnad for at ein av dei største verneverdiane i Trollheimen, kulturlandskapet i seterdalane, skal kunne ivaretakast. Vi gjentar her prinsippet om at nytt vern av privateid skog skal skje gjennom frivillig vern.
- Vindøldalen inngår i arealet som er foreslått tatt inn i Trollheimen landskapsvernombjøde. Her er det i dag om lag 150 hytter, mens 120 ubebygde hyttetomter er vist i godkjente reguleringsplaner. Dalen har også stor friluftslivverdi som utfartsområde. Det kan også være interesser knytt til framtidig hyttebygging i dei andre dalane og på Kårvatn.
- Drikkevasskjelda til om lag 1200 husstandar i nedre Surnadal ligg innafor den foreslårte utvidinga. Kjelda er Fauskåvatnet med fleire nødvendige innretningar som må kunne driftast, også om området blir verna.
- Omgjøring av noko av dagens landskapsvernombjøde til nasjonalpark bør evt. kun være aktuelt i dei høgareliggende områda.

Med helsing

Knut Haugen
Kommunedirektør
Mobil: +47 91554069

E-post: knut.haugen@surnadal.kommune.no

Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal
www.surnadal.kommune.no